

Nærings- og fiskeridepartementet

postmottak@nfd.dep.no



Alsaker Fjordbruk AS
5694 ONARHEIM

Telefon : 53 43 01 09

Telefax : 53 43 01 01

Dir. tf. : 53 43 01 09

Mobil : 99 21 01 09

Org. nr. : 979 494 009

www.alsaker.no

Dykkar ref. : 16/5935

Vår ref. : Kristian Råsberg

Dato : 06.02.2017

Uttale til forskrift om krav til teknisk standard for landbaserte akvakulturanlegg

Me syner til høyringsfrist 15.02.2017, og fremjer på vegne av **Bjølje Bruk, Bolstad Bruk, Fjon Bruk, Onarheim Bruk, Salar Bruk og Ølve Bruk** følgjande uttale til høyringsframlegget:

Det framgår av høyringsbrevet at intensjonen er å ivareta rømmingstryggleiken på anlegget til og med lasting av fisken. Forskrifta vil gjelde alle landbaserte akvakulturanlegg. Forslaget stiller opp ei rekke krav til dokumentasjon knytt til komponentar, avdelingar og anlegget under eitt. I praksis innfører ein med dette NYTEK-standardten på land.

Forslaget stiller opp eit skilje mellom eksisterande anlegg og anlegg som vert prosjektert og bygde etter iverksettinga. For eksisterande anlegg heiter det at «*det ikke settes tilsvarende krav til å dokumentere prosjektering og bygging*», men at ein for desse anlegga skal dokumentere «*sikkerheten til enkelt komponenter og hele eller deler av anlegget dokumenteres gjennom en rømmingsteknisk rapport som inneholder blant annet en tilstandsanalyse på de deler og komponenter som kan medføre rømming av fisk.*»

I praksis inneber dette ikkje noko skilje mellom nye og eksisterande anlegg, då ein for nye anlegg uansett etter anna lovverk òg har krav til å dokumentere prosjektering. Vårt inntrykk er at ein då står att med høvesvis like krav knytt til komponentar, avdelingar m.v. for nye og eksisterande anlegg. I lyset av dette framstår forskrifta sitt skilje mellom nye og eksisterande anlegg som kunstig når det kjem til det praktiske dokumentasjonsarbeidet. Forslaget synest ikkje å vera godt nok gjennomarbeidd i høve til å etablere eit reelt skilje mellom nye og eksisterande anlegg, og rommar heller ikkje at det er ei rekke nyansar mellom dei landbaserte anlegga i høve til type og storleik på fisk m.m.

Fiskeridirektoratet sin rømmingsstatistikk syner at rømming frå landbaserte anlegg er eit marginalt problem både i talet hendingar og talet fisk som rømmer. Av 42 rapporterte rømmingar i 2016 var fire knytt til landanlegg, og kun den éine kan i tal reknast vera alvorleg. Dei tre andre rømmingane synte totalt 308 stk rømde fisk, der 172 stk vart attfanga. Det er avgrensa hendingar i sistnemnde kategori som kjenneteiknar rømming frå landanlegg. Tala for 2015 syner eit liknande bilete med 38 rapporterte hendingar, og dette året var største rømming knytt til landanlegg 6.000 av totalt fem hendingar. Dette året utgjorde rømming frå landanlegg 2,8%, og ei promille målt i rømt biomasse. Går ein lengre attende i tala er trenden den same, der det jamnt over kun rømmer eit titals eller hundretals fisk - som til dømes hendinga på Fjon i 2013 med 100 fisk.

Rømming frå landbaserte anlegg utgjør eit lite mindretal av talet rapporterte hendingar, og er normalt særst avgrensa i både tal og samla biomasse. Det må dessutan påpeikast at ein del av den rømde fisken frå landbaserte anlegg (settefiskanlegg) ikkje har vore sjødyktig settefisk/ungel. Ein lyt stikke fingeren i jorda, og vurdere kva miljømessige konsekvensar denne produksjonen faktisk har i høve til dei meirkostnadar og den ressursbruken forskrifta vil medføre for landanlegga. All matproduksjon vil setje avtrykk, og avtrykket må avvegast i høve til samfunnet sine behov for matproduksjon og verdiskaping.

Forslaget har ikkje problematisert dei meirkostnadar dokumentasjonskrava vil påføre oppdrettar, og det er heller ikkje drøfta kor vidt nemnde dokumentasjon, styringskrav, m.v. allereie er ivaretekne gjennom ulike revisjonar, sertifiseringar (t.d. GlobalGAP), tilsyn frå eksterne mynde (t.d.

Alsaker AS

Alsaker
Fjordbruk AS

Bjølje
Bruk AS

Bolstad
Bruk AS

Fjelberg
Fjordbruk AS

Fjon
Bruk AS

Fjordbruk
Service AS

Nordsjø
Fjordbruk AS

Onarheim
Bruk AS

Rogaland
Fjordbruk AS

Røvær
Fjordbruk AS

Salar
Bruk AS

Sunnhordland
Fjordbruk AS

Toftøy
Fjordbruk AS

Tveit
Brygge AS

Tysnes
Fjordbruk AS

Viking
Fjord AS

Ølve
Bruk AS

Åmøy
Fjordbruk AS

Fiskeridirektoratet) og internkontrollar. Me merkar oss elles at den prosentvise andelen av hendingar knytt til landbaserte anlegg er i ein dalande trend, noko som underbyggjer det gode arbeidet næringa og tilsynsmynde i samarbeid gjer òg på landanlegga.

Alsaker Fjordbruk les forslaget slik at det i særers stor grad er aktualisert av ulike myndigheiter og aktørar sine ambisjonar om å dra storfisken opp på land. I iveren etter å regulere den teoretiske delen av landbasert fiskeoppdrett (1+ kg), har ein vald ei ambisiøs line som saknar rot i verkelegheita for nær sagt samtlege eksisterande og planlagde anlegg på land. Erfaringa frå NYTEK på sjøanlegg, er dokumentasjonskrav som medfører store meirkostnader og ressursbruk. Bli tilsvarende innført for setjefiskanlegg og landanlegg, vil det i praksis skvise ut mindre aktørar. Denne iveren etter å «oljefisera og byråkratisera» havbruksnæringa på sjø og land, kjem til å enda med så stor kostnadsvekst at det blir ein reprise på oljenedturen.

Med venleg helsing
Alsaker Fjordbruk AS
Bjølve Bruk AS
Bolstad Bruk AS
Fjon Bruk AS
Onarheim Bruk AS
Salar Bruk AS
Ølve Bruk AS



Lena Vermedal
Kvalitetsleiar
lena.vermedal@fjordbruk.no



Kristian Råsberg
Samfunnskontakt
kristian.rasberg@fjordbruk.no